



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
16/176787-12

Dykkar referanse:
2019/10903-3

Vår dato:
24.09.2019

Tilleggsutgreiing – Klage frå Sartor Maskin AS over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.18 i høve gnr. 43 bnr. 94 i Fjell kommune

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 17.06.2019. Saka gjeld Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.2018 – avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløye frå Fv. 5240 (tidlegare Fv. 209) til 2 nye bustadeiningar på gnr. 43 bnr. 94 i Fjell kommune.

I brevet frå fylkeskommunen vert det vist til utsetjingsvedtak i klagenemnda den 03.06.2019. Statens vegvesen vert beden om å komme med ei utvida utgreiing om saka med fleire opplysningar innan klagenemnda gjer sitt endelege vedtak.

Vi seier oss leie for at sakshandsaminga hos oss har tatt lang tid. Dette skuldast ferie og svært stor saksmengd på seksjon for Plan- og forvaltning.

Tilleggsutgreiing

Hordaland fylkeskommune skriv i sitt brev av 17.06.2019: *«Under ordskifte ved handsaming av klagesaka, peika klagenemnda m.a. på at det normalt vert gjeve løyve for utvida bruk av avkøyrsløye langs slike vegar, og peika på at Statens vegvesen kan gje avkøyrsløye på vilkår av at tekniske vilkår vert oppfylt. Det blei også reist spørsmål om ikkje det ligg føre konkrete planar om utbetring av fylkesvegen. Vi ber om at de gjer ei ny vurdering av mellom anna desse momenta i ei utvida utgreiing.»*

Vi reknar med at det er *«Rammeplan for avkøyrsløye med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest»* klagenemnda tenkjer på når ein viser til at det normalt sett vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsløye *«langs slike vegar»*.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I rammeplanen er Fv. 5240 vist som «*Mindre streng haldningsklasse*». Om mindre streng haldningsklasse seier rammeplanen at «*godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt*»

Nullvisjonen for trafikktryggleik har som mål å planleggje, leggje til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå. Visjonen er ei klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drepne eller hardt skadde i trafikkulykker. I tillegg utgjør ulykkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, trass i dei fordelane vegtrafikken gjev.

Statens vegvesen har i si vurdering vist til Nullvisjonen. Sjølv om rammeplanen gjev føringar og utgjør eit godt verktøy i sakshandsaminga, set den likevel ikkje Stortinget sin nullvisjon til sides. Å utbetre ei avkøyrslar slik at denne tilfredsstillar tekniske krav jfr. handbok N100 er noko ein i alle tilfelle må gjere for å få eit avkøyrsløype. At det faktisk er mogeleg å gjere utbetringa kan ikkje vere avgjerande i saka. Dette vil fort bli resultatet dersom ein ved klagehandsaminga vel å sjå på rammeplanen som eit isolert og tilstrekkeleg grunnlag for avgjerda.

Faktum er at det manglar eit tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegen og fram til krysset Arefjordvegen/Brattholmen og at strekninga er vurdert som farleg. Vegvesenet har på bakgrunn av dette vore svært restriktive med omsyn til å gje avkøyrsløype her. Siste veglovsvedtak knytt til denne strekninga er gjort av Statens vegvesen den 02.04.2019. Det vart fatta vedtak om avslag på søknad om løype til utvida bruk av avkøyrslar på gnr. 41 bnr. 724. Denne eigedomen ligg litt nord for gnr. 43 bnr. 94. (Vårt saksnr. 19/29269-2). Vedtaket er mellom anna grunngeve med at Fv. 5240 manglar eit tilbod til mjuke trafikantar.

Fylkesrådmannen har rådd til at klaga til Sartor Maskin AS ikkje vert teke til følgje. I si vurdering har Fylkesrådmannen lagt vekt på at eit avkøyrsløype som søkt vil vere i strid med m.a. den tverrpolitisk tilslutta nullvisjonen, og at dette også vil vere i strid med eit av føremåla med veglova; å «*skape størst mogleg trygg og god avvikling i trafikken*».

Fylkesrådmannen har lagt spesiell tung vekt på at mange born, til dømes førsteklasingar, ferdast på fylkesveg 5240, i blanda trafikk med bilane. Statens vegvesen sluttar seg til Fylkesrådmannen sin konklusjon i saka.

Når det gjeld klagenemnda sitt spørsmål knytt til konkrete planar for utbetring av Fv. 5240 er svaret at reguleringsplanen for Arefjordvegen framleis er i prosess. Fjell kommune har bedt om eit møte med vegvesenet før planframlegget vert lagt ut på høyring. Vi er pr. i dag ikkje kjend med at det ligg føre konkrete løysingar knytt finansiering av dette prosjektet.

Der framtidige bustadeigedomar vert regulerte er det mogeleg å knyte rekkefølgjekrav til reguleringsplanar. Slik er ikkje situasjonen i Arefjorden. Her er ubyggt eigedom i hovudsak ikkje detaljregulert. I kommuneplankartet er mange av dei vist som eksisterande bustadområde utan plankrav.

Av kommuneplanen sine føresegner pkt. 5 følgjer det eit dokumentasjonskrav for tiltak i slike områder :

a. I område utan krav om regulering skal det ved søknad om oppføring av nye bustadeiningar dokumenterast at ROS (støy, flaum, steinsprang, brann o.l.), barn- og unges interesser, uteopphaldsareal, naturmangfald og kulturminne er ivareteke. Heimel: pbl. §§ 11-9, nr. 3-7.

Trafikktryggleik er også ein del av ROS-vurderinga. Erfaring viser at slike krav ofte ikkje vert ivaretekne i kommunane si byggjesakshandsaming.

Oppsummering

Ved handsaminga av avkøyrlesøknader skal Statens vegvesen gjere ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrsløye også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløye frå. Dette følgjer av Statens vegvesen si handbok R701.

Statens vegvesen meiner det er uforsvarleg å opne opp for meir bustadbygging i Arefjorden før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert. Vi sluttar oss til Fylkesrådmannen si vurdering og meiner eit avkøyrsløye vil vere i strid med Nullvisjonen og med eit av føremåla med veglova; å «*skape størst mogleg trygg og god avvikling i trafikken*».

Dersom klagenemnda vel å gje avkøyrsløye i denne saka vil dette utvilsamt skape presedens for vurderinga av andre søknader. Trafikksituasjonen langs Fv. 5240 tilseier at ein i avveginga bør ha eit særskilt fokus på konsekvensar knytt til dette.

Frå 01.01.2020 vert ansvaret for handsaming av avkøyrlesaker på fylkesvegnettet overført til Vestland fylkeskommune. Med mindre fylkeskommunen ser opningar for kunne å bidra med finansiering, vil eit tilbod til mjuke trafikantar langs Fv. 5240 ligge eit stykke fram i tid.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.